



## ”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand  
Postboks 62  
6801 Førde  
Mobilnr: 90996816  
E-post: [ola.sognesand@tine.no](mailto:ola.sognesand@tine.no)

Dato: 04.11.2010.

Til  
Fagutval småfe, Nortura  
v/Frode Vik

### **Kjekkjøt i Nortura.**

Produksjon og omsetnad av kjekkjøt har vore eit gjentakande tema i fleire tiår. utfordringa var lenge at pris til produsent var så låg at produksjonen gav negative tal i rekneskapen.

Medan det enno heitte Vestlandske Salslag (VS) vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på om det var mogleg å få til betre ordningar for kjekkjøtproduksjon. Gruppa hadde følgjande medlemmer:

Olav Wangensten	Vestlandske Salslag
Dag Jarle Aksnes	Vestlandske Salslag
Asbjørn Alsaker	Vestlandske Salslag
Ola Søgnesand	Sogn og Fjordane Sau og Geit

Gruppa la ned eit betydeleg arbeid for å finne fram til tilrådd storleik på kjea og måtar å vidareforedle dei på som ville gjere det ferdige produktet ettertrakta.

Gruppa knytte m.a. til seg kokkar frå hotell- og restaurantmarknaden i dette arbeidet.

Resultatet av arbeidet vart m.a. at det vart opna for kontraktproduksjon av kjekkjøt for geitehaldarane i VS sitt område, og pris til produsent vart betydeleg heva for bestemte klassar og vekter.

Vidare vart det starta ein produksjon av grill produkt ved anlegget i Sogndal. Kjea vart oppstykkja, marinert og stimpkoka før dei vart frambydd til forbrukar. Produktet fekk god mottaking men grunna manglande løyve frå Kjøtt- og næringsmiddelkontrollen vart produksjonen stoppa etter kort tid og har sidan aldri kome i gong att.

Kontraktproduksjonen vart etter kvart avvikla og tilbodet vart likt til alle geitehaldarane i landet. Produksjonen har vel sidan den tid halde seg nokon lunde stabil på ca 10.000 kje/år levert til Nortura. Både produsentar og andre med interesse for kje har heilt til sist vinter levd i trua på at det går bra med salet. Ein vart då overraskande kjend med at Nortura destruerar mykje av kjekkjøtet som kjem inn. Dette er sjølvstapt ein heilt uhaldbar situasjon som ikkje kan halde fram.

Underteikna er prosjektleiar i prosjektet Geit i Vekst som går i fylka Hordaland Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Ei av hovudarbeidsoppgåvene i prosjektet er å få til meir oppføring av kje. Rådande situasjon kor store mengder kje blir avliva og kasta rett etter fødselen kan vere ein omdømmerisiko for geitehaldet.

I samband med at Fagutval småfe i Nortura var samla her i fylket vart underteikna beden inn til middag med Fagutvalet på Gloppen Hotell den 14. juni for å legge fram ynskje, og å informere om kjekjøtproduksjonen.

Ein opplevde at Fagutvalet lytta interessert og signaliserte vilje til å ta tak i utfordringane. Seinare har vi hatt "Geitedagane" i Geiranger der Nortura var utfordra på å snakke om kjekjøt og kva Nortura vil gjere med denne produksjonen. Salssjef Sigmund Fossberg stilte for Nortura. Etter innlegget sa han m.a. at han ville ta kontakt med underteikna for eit samarbeid innan utfordringane med kjekjøt.

I førekant av "Geitedagane" hadde underteikna eit par tre samtaler med fagansvarleg småfe Rolf Gjermund Fjeldheim. Ein fekk då vite at Nortura hadde bestemt seg for å satse på kjekjøt. I første omgang gjaldt dette det kvantum som alt blir produsert. Ein ville altså ikkje oppfordre til ein større produksjon med det aller første. Satsinga, slik eg skjønna det, innebar m.a. at det skulle satsast på å vidareforedle kjea for å kunne by fram eit meir interessant produkt.

Eg skriv dette brevet til Fagutvalet for småfe i Nortura fordi eg føler det har vore utruleg stilt om heile kjekjøtsatsinga. Eg har i alle fall ikkje fått noko som helst tilbakemelding på at noko skjer på dette området. Om få månader står vi fram for ein ny kje sesong, tida er meir enn overmoden for å ta tak viss det skal bli litt meir enn fagre ord ut av dette.

Med helsing

Ola Søgnesand  
-prosjektleder\_